

## **Velkommen til Meland!**

Meland kommune ønskjer deg hjarteleg velkommen til oss, og vi håpar og trur at du vil trivast i den nye heimkommunen din.

No er du ein av knapt 8000 innbyggjarar i ein kommune som har svært mykje å by på. Vi har eit rikt kulturliv, fleire idrettslag og mange frivillige som gjer ein stor innsats i lag og organisasjoner.

Som ny i kommunen er det mange ting som kan vere vanskeleg å få oversikt over, derfor har du hatt ein fadder den første tida her i Meland.

Slik håpar vi at du har fått ein god introduksjon til korleis dagleglivet her i Meland fungerer, ja kort og godt ein god start på tida di som Melandbu.

Målet med faddertida er at du skal vite om, og ha besøkt, viktige praktiske og sosiale møtepunkt i nærmiljøet og vere tryggare på korleis Melandsamfunnet fungerer.

På desse første månadene har du saman med fadderen din vore innom posten, biblioteket, kommunehuset med helsestasjonen og legekontoret og banken i Knarvik.

I tillegg har du gjerne fått god hjelp til praktiske gjøremål i heimen. Til dømes merking av postkassen og levering avflyttemelding, hjelp til oppkopling av TV og internett og du har gjerne fått vite korleis kjeldesortering av avfall fungerer.

Men ikkje minst har det vore viktig at du er tatt godt i mot av medmenneske i Meland, slik at du gjerne har fått eit innblikk korleis dagleglivet er i vår kommune og landet for øvrig.

Dette har vore starten på det nye livet ditt i Meland og du har fått nokre kjente fjes du kan helse på når du er på butikken og som du gjerne kan vende deg til utanom dei som arbeider innan flyktningetenesta i kommunen.

Eg er sikker på at du er tatt i mot på ein anständig og inkluderande måte av gode ambassadørar for Melandsamfunnet. God integrering skjer i kvardagen og vi er avhengige av at både vi som har budd ei stund og du sjølv tar aktivt del i integreringsprosessen.

Med beste helsing

Øyvind H Oddekalv  
ordførar